



KOMMUNEINFORMASJONEN

FYRESDAL

Juli og august 2009

**Innhald:**

Innhald:	Side:
Aketun fisk	s. 21
Aktivitetar på POS	s. 15
Basar	s. 22
Bustønad	s. 7
Bygdedagskomiteen	s. 19
Bygdekino	s. 22
Datavake	s. 16
Drosjevakt	s. 28
Dyrlegane	s. 21
Etterlysing	s. 22
Fiskebudagane	s. 17-18
Foldsæ økologiske gardsbutikk	s. 20
Folkestadbyen informerar	s. 24
Fossum	s. 21
Fyresdal bygdekvinnelag	s. 25
Fyresdal fiskefond	s. 8
Fyresdal folkebibliotek	s. 10
Fyresdal idrettslag	s. 23
Fyresdal legekantor	s. 28
Fyresdal musikkorps	s. 21
Fyresdal samfunnshus	s. 12
Fyresdal ungdomsklubb	s. 13
Gamle ord	s. 23
Grunnvik landhandel	s. 22
Heggland daglegvare	s. 7
Helsehuset informerar	s. 12
Juni brukgekafeén	s. 21
Kommunale vedtak	s. 2-5
Kyrkjedøra	s. 26-27
Loes tenesteyting	s. 21
Miljøbiler LPG	s. 22
Nye Hauggrend landhandel	s. 25
Nye Telemarkskyri meieri	s. 20
Omsorgsteamet	s. 14
Program Olsok	s. 11
Røykeavvenning	s. 16
Skuleruta	s. 9
Støttekontakt	s. 10
Toppturar	s. 21
Trivselsgruppa	s. 16
Turistinformatjonen	s. 5
Val 2009	s. 6

Det skjer i juli 2009

- 03.07.** Dyrlege på Foldsæ
- 05.07.** Gudsteneste – Moland kyrkje
- 07.07.** Tur - Vindilhytta
- 12.07.** Gudsteneste – Veum kyrkje
- 14.07.** Tur - Osvatn
- 17.07.** Bygdekino
- 17.07.** Datavake startar
- 19.07.** Gudsteneste – Moland kyrkje
- 21.07.** Sykkeltur – rundt Skreevatn
- 24.07.** Olsok startar
- 24.07.** Tur - Roan
- 25.07.** Gatefrukost
- 26.07.** Gudsteneste – Heggland kyrkjegard
- 28.07.** Tur – Støyl - Aslomsfjell - Myrbua

Det skjer i august 2009

- 01.08.** Basar i Birtedalen
- 01.08.** Bispeveg marsjen
- 01.08.** Tur med Bygdekvinnelaget
- 04.08.** Krosslimusikken på POS
- 04.08.** Tur - Gaukås
- 07.08.** Fiskebudagane startar
- 09.08.** Gudsteneste – Birtedalen
- 11.08.** Tur - Bergstadfjell
- 16.08.** Gudsteneste – Moland kyrkje
- 18.08.** Tur - Bindalsfjell
- 19.08.** Skulestart
- 23.08.** Gudsteneste – Veum kyrkje
- 25.08.** Tur - Berrfjell
- 30.08.** Gudsteneste – Moland kyrkje

Vil du ha med eit innlegg i informasjonen for september må du levere det innan 14. august 2009.

E-post adressa er:

postmottak@fyresdal.kommune.no

Fyresdal kommune tlf 35 06 71 00
Etter kl 15.00 Barnehagen tlf 35 06 71 80
Pleie- og omsorgssenteret tlf 35 06 71 67

Heimeside: www.fyresdal.kommune.no

Vedtak i Næringsfondsstyret - 18.05.2009

Stønad til vedlikehald og utvikling av Foldsæ AS

Fyresdal kommune løyver kr 500.000,- i samsvar med søknaden frå Foldsæ AS. Lånet er kortsiktig med rente på 4,0%. Lånet vert finansiert frå Kraftfondet, konto 2510022.

Lånet blir å betale attende til kommunen som del av refinansieringa som gjeng føre.

Ordførar og eller rådmann får fullmakt til å arbeid for å kunne gjere slutningar for at refinansieringa kan falle på plass.

Kommunestyret haldast fortløpande orientert om utviklinga i saka.

Vedtak i Valstyret - 18.05.2009

Val av røystestyre 2009

Krins:	Medlemer:	Varamedlemer:
Hauggrend og Veum krins:	Bjarne Mandt, leiar Karin Bergland, nestleiar Edith Hauge	1. Gunnar Grunnvik 2. Aslak Momrak-Haugan 3. Gerd Strånd
Kyrkjebygda krins inkl. Heggland/Åsland/Kleivgrend	Elisabeth Bratsberg, leiar Berit Lien, nestleiar Olav Rydland Eva Greivstad	1. Torleiv Homme 2. Peter Gruzewski 3. Inger Angell 4. Øyvind Johansen
Vestkanten krins:	Inger Berit Lie, leiar Brita Aalandsli, nestleiar Leif Søllyst	1. Ingebjørg Aketun 2. Guro Libjå 3. Kjell Sverre Thoresen
Kilegrend krins:	Rolf Vik, leiar Liv B. Kiland, nestleiar Tone Vik	1. Jon Valebjørg 2. Helge Kiland 3. Randi Vik

Vallokale og røystetider til stortingsvalet 2009

Stortingsvalet 2009 blir halde på fylgjande stader:

Røystekrins	Lokale	Tid
Kilegrend og Valebjørg krins	Kilegrend grendehus	Måndag 10:00 – 18:00
Kyrkjebygda krins (inkl Heggland, Åsland og Kleivgrend)	Samfunnshuset, veslesalen	Sundag 14:00 – 18:00 Måndag 09:00 – 19:00
Vestkanten krins	Fardal grendehus	Måndag 10:00 – 18:00
Veum og Hauggrend krins	Veum grendehus	Måndag 10:00 – 18:00

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2009

Forvaltningsrevisjonsrapport - haldningar til etikk og varsling

Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 731008, Haldningar til etikk og varsling vert tatt til orientering. Rådmannen vert bede om å utarbeide forslag til retningsliner for varsling som snarast sendast tilbake til kommunestyret for handsaming.

Varslingsrutiner

Varslingsrutinene blir vedtekne slik dei ligg føre med fyljande tillegg, Kontrollutvalet kjem med i opplistinga under punktet om kven det alltid er ansvarleg å varsle.

Avtale om konsesjonskraft

Fyresdal kommunestyre godkjenner Avtale om disponering av konsesjonskraft mellom Telemark fylkeskommune og Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje slik den er forhandla fram 19.12.08.

Reguleringsplan - sentrum vest- 2. gongs handsaming

1. I medhald av plan- og bygningsloven §27-2, vert reguleringsplan for Sentrum Vest i Fyresdal vedteken.
2. Byggje- og prosjekteringsnemda bes sjå nærare på parkeringsløyvingane, særskilt med høve til rørslehemma og sjå på moglegheten for ein ny inngang på baksida av helsehuset, samt passasje til Gardar frå baksida. Det må og finnast ein plassering for ein ny felles trafokiosk slik VTK rår til.
3. Helikopterlandingsplass vert tatt ut av planen
4. Området mellom kommunehuset og symjehallen vert lagt ut til område for offentleg bebyggelse

Vedtak i Formannskapet - 11.06.2009

Sal av kjøtteriutstyr

Fyresdal kommune sel kjøtteriutstyret i Fyresdal kommunale næringssselskap AS sine lokaler på Mølandsmoen til Nye Telemarkskyri Meieri AS for kr 90.000,-. Kjøpesummen vert tilbakeført til næringsfondet, 2510023.

TV-aksjonen CARE 2009, søknad om støtte

Fyresdal kommune løyver kr 15 000 i økonomisk støtte til TV-aksjonen CARE 2009. Kr 15 000 blir løyvd frå konto 1 112 490 med overføring til konto 1 112 470, til disposisjon formannskapet.

Søknad om dispensasjon for mellombels masseuttak i fjell, 17/4 Griddalen i Fyresdal

1. Det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Fyresdal etter pbl §7 for etablering av eit midlertidig masseuttak i samband med vegbygging etter reguleringsplan for Griddalen, del av gnr/bnr 17/4.
2. Plassering av masseuttaket er som vist på kartskisje som ligg ved saka.
3. Masseuttaket skal vere avslutta og ført tilbake til naturområde slik det gjeng fram av søknaden innan 01.11.2010.

Vedtak i Valstyret - 11.06.2009

Delegering av styringsmakt frå valstyret - stortingsvalet 2009

Valstyret delegerar saker som ikkje er av prinsipiell karakter til eit arbeidsutval der leiar i valstyret, ordførar Bjørn Nome, informasjonsmedarbeidar Ellen Sofie Skansen og sekretær for valstyret Gunn Tone Bjørgulfson er medlemmer.

Arbeidsutvalet får m.a. mynde til å godkjenne førehandsrøyster, utpeike teljekorps, og til å bestemme stad for oppteljing.

Oppnemning av røystemottakarar til førehandsrøystinga

I Fyresdal kommune blir desse oppnemnde til å ta imot førehandsrøyster i perioden 1. juli til 11. september:

Ellen Sofie Skansen
Grethe Lassemo
Gunlaug B. Kiland
Gunn Tone Bjørgulfson
Mai Kile
Reidun Sandvik
Ruth Krossli

Førehandsrøysting - lokale ved stortings- og sametingsvalet 2009

Det blir teke imot førehandsrøyster ved sentralbordet på kommunehuset i tida frå 10. august til 11. september. I denne perioden vil sentralbordet ha langope ein dag i veka.

Førehandsrøystinga ved POS blir gjennomført, etter nærare avtale med personalet på POS, ein dag i veka før valdagen 14. september.

Tidlegstemmer blir teke i mot ved sentralbordet på kommunehuset i opningstida frå 1. juli til 9. august.

Frist for ambulerande røysting - stortingsvalet 2009

Søknad om ambulerande røysting må ha kome inn til kommunen innan tysdag 8. september.

Vedtak i Hovudutvalet for landbruk og teknikk – 08.06.09

Søknad om landingsløyve for helikopter – Dyrvatn

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 får Kviteseid Rørhandel A/S løyve til å nytte helikopter for transport av materialar frå Rolleivstad til Dyrvatn i Napeheia (kartblad 1513 II). Løyvet gjeld for perioden 15. juni – 31. juli 2009, og gjeld inntil fire turar. Logg for dato og tal turar skal sendast Fyresdal Kommune når oppdraget er gjennomført.

Søknad om landingsløyve for vassfly – Fyresvatn og Hovatn

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 får Robert Ormerod løyve til inntil fem landingar på Fyresvatn og Hovatn (kartblad 1513 II) i samband med fiskekultivering i Hovatn. Løyve gjeld for perioden 01. juli – 20. oktober 2009. Flyets kjenneteikn er LN-TEP / LN-HOO, pilot Robert Ormerod. Det skal sendast rapport til Fyresdal Kommune over utført flyging etter at seiste flyging er gjennomført.

Søknad om landingsløyve for vassfly – Birtevatn og Grøssæ

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 får Geir Magne Kile løyve til inntil tre landingar på Grøssæ og Birtevatn (kartblad 1513 II) for uttransport av jaktutbyte i samband med utøving av elgjakt på Vestre Kile. Løyve gjeld for perioden 23.09.09 – 31.10.09. Flyets kjenneteikn er LN-TEP eller AEK, pilot Robert Ormerod. Det skal sendast rapport til Fyresdal Kommune over utført flyging innan 14 dagar etter avslutta jakt.

Politisk delegeringsreglement – gjennomgang

Det politiske delegerings- og økonomireglement som vedlagt i saka blir godkjent.

Økonomirapportering sektor for plan og teknikk 2009

Ramma på kap. 130 aukast med kr. 77 000,-, dekning frå tilskotsfond, 2560010.

Ramma på kap. 131 aukast med kr. 316 000,-, dekning frå opprusting helsehuset, 21560044.

Ramma på kap. 137 aukast med kr. 211 500, dekning frå tilskotsfond, 2560010.

Overskriding på konto 1.384.185 forsikring dekkast frå konto 1.310.185 med kr. 14 000,-.

Fritak for bu- og driveplikt på Libjå gnr./bnr. 10/3 og 14/3

Fyresdal kommune tek klaga frå Anette Dahlen opp til ny handsaming, og gjer om tidlegare vedtak i saka, slik at det vert gjeve utsetjing, som omsøkt, av buplikta på eigedomen Libjå gnr./bnr. 10/3 og 14/3 fram til og med 31.12.2010.

Årsmelding 2008 for Fyresdal kommune

Årsmelding for 2008 blir teke til vitande.

Turistinformasjonen

Velkomen til ein ny sesong på turistinformasjonen på Øystad!

Turistinformasjonen er open alle dagar utanom sundagar fram til 31. august.

I år er det Sigrunn Vik Skomdal som er dagleg leiar av turistkontoret. Ho har med seg Ådne Skålid som sommarhjelp. Mange kjem nok til å sakne Ragnhild som har styrt med stort engasjement i mange år. Men vi er trygge på at de blir like godt tekne vare på av Sigrunn og Ådne.

Dersom de har informasjon de ynskjer at turistkontoret skal formidle må de gje beskjed om dette, slik som endra tilbod, opningstider, kapasitet, spesielle tilbod og arrangement. De er og velkomne til å stikke innom Øystad for å levere/hente informasjon eller bare for å ta ein kaffi kopp!

Lykke til med sommarsesongen 2009 og velkomen til turistkontoret!

Kontakt turistinformasjonen:

Sigrunn Vik Skomdal

Tlf: 35041455

turist@fyresdal.kommune.no

www.fyresdal.no

Helsing Avdeling for Bygdeutvikling





VAL 2009

Stad for førehandsrøystingar

Det blir høve til å røyste på førehand ved sentralbordet på kommunehuset i opningstida frå 10. august til 11. september. Biblioteket er stengt i heile valperioden grunna ombygginga, og vi kan difor ikkje ta imot røyster der. For å bøte på dette vil vi halde langope ein dag i veka i dei vekene førehandsrøystinga er. Dette vil bli annonsert seinare.

Etter vallova § 8-3 andre ledd bokstav a skal det haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Dette omfattar sjukehus, pleieheimar, etterbehandlingsheimar osv. Ein kan også ta imot førehandsrøyster heime hos personar som held til i trygde- og omsorgsbustader med direkte tilknytning til institusjonar som er nemnde framafør, jf. valforskrifta § 25.

Det blir førehandsrøysting ved Fyresdal pleie- og omsorgssenter (POS) ein dag i veka før valdagen 14. september. Denne dagen blir annonsert seinare.

Søknad om ambulerande røysting

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til, jf. vallova § 8-3 sjette ledd.

Søknad om ambulerande røysting må ha kome inn til kommunen innan tysdag 8. september.

Søknaden kan vere skriftleg, eller munnleg til tlf 350 67 100.

Fyresdal kommune
Valstyret
3870 Fyresdal
postmottak@fyresdal.kommune.no

Tidlegrøysting

Frå valet 2009 skal veljarar kunne røyste innanriks frå 1. juli, såkalla tidlegrøyste. Det skal vere mogleg å tidlegrøyste fram til og med 9. august, det vil seie fram til den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august.

Ordninga er heimla i vallova § 8-1 fjerde ledd:

(4) Velgere som oppholder seg innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikke kan avgi stemme i perioden for forhåndsstemmegivning eller på valgtinget, kan henvende seg til kommunen og avgi stemme fra 1. juli og frem til forhåndsstemmegivningen starter 10. august i valgåret.

Ordninga gjeld alle veljarar.

Tidlegrøysting er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å førehandsrøyste innanfor ordinær periode eller på valdagen.



Ny og styrka ordning om bustønad frå Husbanken!

17. mars 2009 vedtok Stortinget store endringar i ordninga om bustønad.

Endringane trer i kraft 1. juli 2009. Søknadsfrist for å søkje bustønad for juli er 14. juli. Fyrste utbetaling vert 10. august 2009.

Dei krav som tidlegare var til husstanden og bustaden fell bort eller vert forenkla.

Alle som er over 18 år kan no søkje om bustønad.

Unntaket er husstandar med studentar, og husstandar der ein person er i førstegangsteneste eller sivilteneste.

Studentar som har barn, eller studentar som studerer som ledd i arbeidskvalifisering, for eksempel attføring, kan få bustønad.

Det same gjeld for ein husstand der ein student bur saman med sine foreldre.

Krav til bustaden vert forenkla ved at det no vert stilt nokon få grunnleggjande krav.

Bustaden må teknisk vere godkjent som ein heilårsbustad, og bustaden må ha bad/ toalett, og at det ligg til rette for ein plass til kvile og matlaging.

Bustadutgiftene vert berekna på ein litt annan måte enn tidlegare, ved at ein i større grad tar omsyn til faktiske utgifter.

Fleire opplysingar om bustønad kan du få ved å lese på www.husbanken.no

Søknadsskjema får du på NAV Fyresdal, og du leverer også søknaden der.

NAV Fyresdal



NORSK TIPPING

ServiceMat

HEGGLAND DAGLEGVARE
Tlf: 35 04 11 70



NORSK TIPPING

I perioden 1.juli til 15. august vil vi ha brød frå Fyresdal Bakeri **kvar dag!**

I sommar feirar vi at vi har blitt kommisjonær for Norsk Tipping. Kvar dag vil **kunde nr. 10** som handlar hos oss få eit millionflaxlodd! Kanskje er du ein av dei heldige? (F.o.m. 1/7 t.o.m. 15/8)

I tillegg til daglegvarer kan vi tilby tipping, propan, fiskekort og lokale brød og fiskevarer.

Finndu ikkje det du leitar etter i butikken? Spør oss, så prøvar vi å skaffe det for deg.

Vi fyller opp ”hylla” med pynteting til sommaren!

Velkommen til ein hyggeleg handel!
Helsing jentene på Heggland Daglegvare



Åpningstider i sommar
f.o.m. 1/7 t.o.m. 15/8

Mån-fre.	09.00 – 18.00
Laurdag	09.00 – 15.00

Kjøp av fiskekort.

Nå har dei som ynskjer å fiske i Fyresdal 3 måtar å skaffe seg fiskekort på:

1. Kjøp av fiskekort frå ein av utsalsstadene:

Hauggrend landhandel, Heggland daglegvare, Fossumsanden camping, Roan camping, Torgeir Lien, Moland Auto, Grunnvik landhandel, Bondal A/S, Fyresdal sport og fritid, Turistinformasjonen i Fyresdal, Momrak verkstad, Øyne camping, Fjone landhandel, Leiv Birger Tovslid, Kvipt gjestegard, Vindilhytta, Jakt og Friluft – Stoa i Arendal, AOT og Alexander Brekke

2. På internett via www.inatur.no og søk etter Fyresdal.

3. Bruk av mobiltelefon til SMS Pass, med svarmeldinga som kvittering for fiskekort og tilsendt faktura i etterkant.

Nå kan du få fiskekort via SMS →

Betal når du kjem heim.

Døme:

Fiskekort ei veke

område 1 Kilegrend:

Kode

Mellomrom

Navn

Adresse

Postnummer

SF113D7

Ola Nordmann,adressen,1234

Send til (+47) 474 07 900

Kodar og prisar:

	Område 1 Kilegrend	Område 2 Momraksheia	Område 3 Heggland og Hauggrend	Område 4 Kleivgrend	Område 5 Birtedalen	Alle områda (felles)
Dag/veke:	SF113D7 70,-	SF114D7 70,-	SF115D7 70,-	SF116D7 70,-	SF117D7 70,-	SF118D7 150,-
Årskort:	SF113S1 150,-	SF114S1 150,-	SF115S1 150,-	SF116S1 150,-	SF117S1 150,-	SF118S1 350,-

Fyresdal er delt i 5 fiskekortområde. Sjå Fiskebrosjyre for Fyresdal, som er å få gratis på bensinstasjonar, i butikkar og i Turistinformasjonen for Fyresdal. Sundsvatn og Nordbotjøna i Fjellgardane er også med i fiskekortordninga og høyrer inn under område nr. 3.

Alle som bestiller årskort, vil kunne få tilsendt utskrift av fiskekortet i kredittkortformat. Dette kostar kr 25,-. Følg instruksjonen i SMS-meldinga du mottek.

Kva gjer du?

- Gjer klar tekstmelding:
Kode<mellomrom><Navn>,<Adresse>,<Postnummer>
- Send meldinga til (+47) 474 07 900
- Du får ei tekstmelding frå SMSpass DA, som gjeld som fiskekort ved kontroll.
- Meldinga inneheld også den betalingsinformasjonen du treng.
(Beløp, kontonummer og KID - nummer)
- Ver venleg og betal innan **14 dagar** for å unngå fakturagebyr på kr 50,-

NB! Sending av meldinga kostar vanleg SMS – takst.

Fiskereglar:

- Fiske med stong og handsnøre er tillate heile året frå både land og frå båt.
- Fiske med levande fisk som agn er forbode.
- Fiske med garn og oter må avtalast med grunneigar. Enkelte område har også egne garnkort.

Born under 16 år kan fiske fritt med stong og handsnøre fram til 20. august kvart år. Andre må løyse fiskekort. Alle må vera kjende med fiskereglar og grenser for fiskeområdet før dei tek til å fiske.



Telefon: 474 07 999
E-post: info@smspass.org
Internett: www.smspass.no
Bank: 6182 05 79002

Fyresdal fiskefond

Skuleruta 2009/10 for Gimle skule.

I samband med ombygging/utbygging av Gimle skule har vi av byggekomiteen blitt bedne om å ”krympe” skuleåret 2009/10 og skuleåret 2010/11.

Skuleåret for elevane skal vera 190 dagar - dette er ufråvikeleg.

Endringar frå tidlegare år vert at haustferien neste skuleår vert 3 dagar og vinterferien 2 dagar. Det vert ikkje fridag etter Kr.himmelferdsdag. Skulen vil og prøve å leggje siste skuleveke utanfor skulen.

Skuleåret 2010/11 må starte ei veke seinare enn vanleg. Dette medfører ca. 3 vekar lenger ferie i 2010.


Skuleruta for 2009/10 vart fyrst handsama i FAU og seinare vedteke i SU.

Skulerute for 2009/10			
Månad	Merknad	Elev-dagar	Fridagar elevar/planlegging for lærarar
August	Elevane startar 19.08	9	Planleggingsdag 17. aug. Klasseleiing Planleggingsdag 18. aug. internt på skulen
September		21	Planleggingsdag måndag 28. sept. klasseleiing
Oktober	Haustrferie veke 41 onsdag, torsdag og fredag	19	
November		20	Planleggingsdag fredag 13. nov. forteljarkurs
Desember	Siste dag før jol 21.des. 1 dobbeldag	15 1	
Januar	Fyrste skuledag etter jol måndag 4. jan.	20	
Februar	Vinterferie veke 8 (torsdag 25. og fredag 26. feb)	18	
Mars	påskeferie veke 13 (29. mars - 5. april - 13.)	21	
April	første dag etter påske 6. april	19	
Mai		18	
Juni	siste skuledag 11. juni	9	planleggingsdag måndag 14. juni
Totalt		190	

Mellomsteget skal ikkje ha dobbel dag. Dei har for mange timar.
Dobbel dag småsteget Jolefest
Dobbel dag u.steget Joleball på kvelden

Småsteget skal gå 4 onsdagar:

onsdag 19. aug	1. skuledag	4,5
des.	joleverkstad	4,5
feb./mars	Skileikedag	4,5
onsdag 9. juni	onsdag i siste skuleveke	4,5
Totalt ekstra		18



STØTTEKONTAKT/AVLASTAR

Vi treng fleire støttekontaktar og avlastarar i Fyresdal!

Du må vere:

- over 18 år
- interessert i andre menneske
- påliteleg

Type oppgåver du vil få:

- vere eit medmenneske
- vere ei støtte i ulike livssituasjonar
- bidra til ei meningsfylt fritid gjennom sosial kontakt og samvere som f.eks turgåing, kino, symjebasseng, biltur, kafè og andre fritidsaktivitetar m.m.

Dette tilbyr vi deg:

- løn med kr. 119,- pr. time
- dekt utgifter til aktivitetar med inntil kr. 200,- pr. måned, og køyregodtgjersle etter avtale
- tilbod om rettleiing, oppfølging og aktuelle kurs

Per d.d har vi behov for mann over 18 år som støttekontakt/avlastar, og elles godt vaksne personar til å vere støttekontakt/avlastarar.

Behova endrar seg over tid, så det er viktig at alle som kan tenke seg å vere støttekontakt/avlastar tek kontakt!

Viss du er interessert tek du kontakt med:

Evy Katrin Aamlid – NAV tlf.: 35 11 39 80 eller Rita Metveit – POS tlf.: 35 06 71 62



FYRESDAL FOLKEBIBLIOTEK

Folkebiblioteket er stengt for ombygging.

Ver grei å behalde bøkane de har lånt frå folkebiblioteket til vi opnar att i september.


Bøkar som er lånt inn frå andre bibliotek (fjernlån), må de levere etter kvart så vi får sendt dei til eigarbiblioteka.

Desse bøkene kan de levere på sentralbordet i kommunehuset.

Vi varslar med plakatar og annonsar når biblioteket opnar att.

Velkomen til nytt bibliotek!

Bitti og Liv



Program for Olsokdagane i Fyresdal 24. - 26. juli 2009

Freitag 24. juli:

- 19.00: Opning av Olsokdagane i Moland kyrkje
 - Opningstale med varaordførar Annveig Veum
 - Foredrag med manusforfattar John Magnus Dahl
 - Konsert med folkemusikktrioen Glima (Ragnhild Knudsen, Helene Waage, Øystein Skjeldal Waage)
 - **Billettar:** Gratis for born under 15, 100 kr for alle over 15
- 22.00: Olsokspelet "Rett til Blot" - Av John Magnus Dahl i Øyskogen (Billettar: 100 kr for born 7-15 år, 200 kr for vaksne, familie (2+2) 500 kr)

Laurdag 25. juli:

- 10.00: Gratis gatefrukost i Folkestadbyen
 - I regi av Fyresdal Næringsorganisasjon
- 12.00-15.00: Familieaktivitetar i Øyskogen med Vest-Telemark Museum
 - Brettspel frå vikingtid
 - Bogeskjoting
- Ca. 13.00: Teateromvisning i Folkestadbyen
- 22.00: Olsokspelet " Rett til Blot" - Av John Magnus Dahl i Øyskogen (Billettar: 100 kr for born 7-15 år, 200 kr for vaksne, familie (2+2) for 500 kr)

Sundag 26. juli:

- 11.00: Messe på Heggland gamle kyrkjegard
 - Kyrjekaffi og kaker på muren
 - Ved dårleg vær vert messa i Moland Kyrkje
- 13.00: Foredrag og utfart i sentrum, oppmøte på Fyresdal Vertshus
 - **13.00:** Foredrag om 100-års jubileet i Fyresdal Bygdemuseum
 - **14.00:** Kulturminneløypa
 - Omvisar og foredragshaldar - Lars Veum
 - **15.30:** Sal av varm mat på Fyresdal Vertshus

Program med atterhald om endringar.

Til alle lag og organisasjonar i Fyresdal

Bruk av utstyr og inventar frå Fyresdal samfunnshus

Fyresdal kommune har etter kvart ein del utstyr og inventar til utlån. Dette utstyret er plassert på samfunnshuset. Mange låner utstyret i løpet av året.

I helga med Bygdedagen skjedde det ein ganske stor glipp i høve utlån av bord og stolar.

Samfunnshuset var utleigd heile helga til eit stor arrangement. I tillegg var det fleire lag og organisasjonar som lånte bord og stolar, nokon hadde spurt og andre hadde IKKJE spurt. Problemet for arrangøren var at dei plutselig stod der utan nok bord! Dette er eit problem – og svært kjedeleg for alle involverte!

Reglar for utlån av utstyr og inventar:

- Alle som skal leige samfunnshuset, eller låne bord eller stolar – **SKAL** kontakte sentralbordet eller underteikna om dette!
- Ein kan ikkje (sjølv om ein har nøkkel) ta seg til rette og hente utstyr!
- Vi har mykje flott bestikk og servise som IKKJE vert lånt ut til private eller lag som har arrangement utanfor samfunnshuset. Dette på grunn av internkontroll i høve mat (reingjering).
- Lån av lyd- og ljós utstyr SKAL avtalast med underteikna.

Elles minnar kulturavdelinga om at reglar for leige av samfunnshuset ligg på heimesida til kommunen: www.fyresdal.kommune.no

Kontaktpunkt:

Sentralbordet – 35 06 71 00, postmottak@fyresdal.kommune.no

Kulturavdelinga – 35 06 71 05, sarke.veum@fyredal.kommune.no

Med ynskje om ein god sommar!

Venleg helsing
Sarke Veum, avdelingsleiar kultur

Informasjon frå helsehuset

Nytt telefonnummer til køyrekontoret: 05515

Reise innan eigen kommune kan bestillast direkte frå drosjene i kommunen.

Reise utanom kommunen, ring tlf 05515 og du vil få ein telefonsvarar som sei kva du skal gjere.

Vennleg helsing helsehuset.



Nytilsett

Evy Katrin Aamlid er tilsatt som ny helsesyster i Fyresdal. Ho byrjar i midten av september.



ONSDAGSKLUBBEN HAUST 09



Onsdagsklubben er open kvar onsdag i haust halvåret, utanom 7. oktober då det er haustferie. Klubben startar 3. september. Seiste klubb før jol er 16. desember.

På klubben er det moglegheit til å kjøpe middag til kr. 15,- og kake/vaffel til kr. 5,- Elles er det mangt å ta seg til som t.d brettspel, playstation, singstar, buzz, airhockey, fotball, badminton, biljard, bordtennis, basketball, sosialt samvær og lekselesing.

Til orientering:

Onsdagsklubben er for 5.trinn og oppover. Tidlegare har vi hatt klubben open for alle etter kl.1700 i bibliotektida, frå hausten av vert det ikkje slik, då vil klubbtilboda i veslesalen bare vere for 5.trinn og oppover. Samfunnshuset elles er ope for alle, samt kioskalet.


Grunnen til dette er at vi som klubbarbeidarar opplever at dei som er i rette aldersgruppa vert "overkøyr" av mindre born som brukar klubbtilboda.

Svein Slyngstad /Aase Øksland

FREDAGSKLUBBEN HAUST 09

KLUBBRUTER HAUSTEN 09				
DATO	ÅPENT	BUSS	KINO	ANNET
21. aug	1800-2300	JA	JA	
28. aug	1800-2300	JA	JA	
04. sep	1800-2300	JA		
11. sep	1800-2300	JA	JA	
18. sep	1800-2300	JA		
25. sep	1800-2300	JA	JA	
26. sep	13.00-	NEI		DATAVAKE
27. sep	-1300	NEI		DATAVAKE
02. okt	1800-2300	JA		
09. okt	1800-2300	JA	JA	HAUSTFERIE
16. okt	1800-2300	JA		
23. okt	1800-2300	JA	JA	
30. okt	1800-2300	JA		
06. nov	1800-2300	JA	JA	
07. nov	1300-	NEI		DATAVAKE
08. nov	-1300	NEI		DATAVAKE
13. nov	1800-2300	JA		
20. nov	1800-2300	JA	JA	
27. nov	1800-2300	JA		
04. des	1800-2300	JA	JA	
05. des				SØRLANDSSENTERET
11. des	1800-2300	JA		
18. des	1800-2300	JA		

Det kan verte endringar på dato for datavaker og tur til Sørlandssenteret.
Svein og Aase



Hei!

**Sommaren gleder dei fleste seg til.
Håpar at det er slik for deg også?**

Dersom du opplever noko vanskeleg i løpet av denne tida og treng nokon å snakke med, så kan du ta kontakt med oss i omsorgsteamet på legekantoret.



Telefonnumra du kan ringe eller sende SMS til er:

908 85 188 der treff du Ågot.

Får du ikkje svar der, kan du ringje tlf. 932 80 223 der treff du Åse Øksland.

Er det noko akutt som oppstår, må du ringe. Treng du råd, eller har noko du vil spørje om, sender du SMS.

Har du ein venn som har det vanskeleg? Be vennen din om å ta kontakt med oss. Om dei ikkje vil dette, kan du gjerne uttrykke din bekymring for dei gjennom oss.

Får du ikkje svar på nokon av dei nemnte telefonnumra, så ring:

Legekantoret:
Tlf.: 350 67 300

Eller legevakta i Arendal:
Tlf.: 815 32 999


Hugs at vi har taushetsplikt.



- Ha ein fin sommar!

AKTIVITETAR PÅ POS I JULI OG AUGUST 2009!

Sommaren fyk visst i veg dette året også. Men litt aktivitetar har vi likevel. Vonar du lyst til å deltake saman med oss. Vi hygger oss i lag i sosialt samvær. Ein treng ikkje vere kreativ eller arbeidsam for å deltake her. Det er like triveleg om du bare kjem innom oss. Her er også høve til å kjøpe middag om du ynskjer det. Då er det fint om du seier i frå, helst dagen før, på telefon 35 06 71 63. Lurar du på kva som er på menyen, er det bare å slå på tråden. God mat kan vi love, det er sikkert.



DU ER HJARTELEG VELKOMEN!

No i desse sommarmånadene har vi eit litt meir fleksibelt program. Dette grunna ferieavvikling, og for at vi også kan få høve til å utnytte eventuelle solskinsdagar.

Derfor hadde det vore riktig triveleg om du hadde lyst til å stikke innom, slå av ein prat med oss, og deltake i det sosiale samværet vårt. Heilt uforpliktande.

Dei faste programma i juli er:

Tysdag 7. juli:


KROSSLI-MUSIKKEN KJEM FOR Å UNDERHALDE OSS.
DEI STARTAR OPP KL 11.00

Tysdag 4. august:

KL 11.00 KROSSLI-MUSIKKEN KJEM FOR Å SYNGE OG SPELE FOR OSS.
DETTE ER ALLTID LIKE TRIVELEG, OG MANGE BRUKAR Å TA TUREN HIT
DÅ. KOM OG BLI MED!

ANDAKT i ferieperioden:

2. juli v/O.J.Tveit
16. juli v/O.J.Tveit
30. juli v/ Matre
13. august v/Matre
27. august v/O.J.Tveit
3. september v/O.J.Tveit
17. september v/O.J.Tveit



Alle fredagane i juli og august er det fredagskafè som vanleg, med sosialt samvær. Er det fint vær, så sit vi ute på terrassen.

Fredagskafeen startar kl 11.00. Du er hjarteleg velkomen!

Røykeavvenningskurs:

I løpet av fyrste halvdel av september 09 blir det tilbod om røykeavvenningskurs på helsesenteret.

Kursleiarar blir Wolfgang Hornstein og Kari Schrøder Lassemo.

Meld di interesse til helsesenteret 35 06 73 00 v/Kari Schrøder Lassemo.



Trivselsgruppa:

i Fyresdal ynskjer å halde fram med dei faste møtene der vi talar om kosthald, helse, trim og trivsel. Vi har hatt regelmessige samlingar no i vår og ynskjer å halde fram til hausten.

Har du høyrd om dette og ikkje våga deg med enno, er du velkomen på helsesenteret

2. september 09 kl 15.00.

Her vil det bli orientering om høve til å vere med på t.d. spinning, symjing, aerobic, turgåing, eller om du ynskjer eit heilt eige opplegg som passar akkurat deg.

Du kan få avtale om å få tatt blodprøve og blodtrykk, for å finne ut om du har nokre feil verdiar som du kan rette opp ved betre kosthald eller meir trim. Her er moglegheitane mange, det er i grunnen opp til deg sjølv om kva du ynskjer.

Det er berre å møte opp.

Helsing arbeidsgruppa for nærvær på jobb.



Fyresdal ungdomsklubb

Det blir datavake frå fredag 17. juli til søndag 19. juli. Tak med badetøy!!

Fredag 17. juli er det kino og.



PÅMELDINGSSKJEMA TIL DATAVAKE.

Eg,(Namn)

vil delta på datavake på samfunnshuset 17.07.09 – 19.07.09. Eg er kjent med at eg må halde meg innanfor klubbområdet mellom kl 23.00 og 08.00.

Brot på dette fører til heimsending.

.....
(dato / underskrift ungdom)

.....
(dato / underskrift føresett)

Tlf.nr. privat :

Mobil :

Skjemaet leverast til Svein Slyngstad



No er programmet for årets turhelg klart!

Fiskebudagane gjeng av stabelen 7. – 9. august.

I år som i fjor vert det ei blanding av turar, lokal mat og underhaldning. Du kan gå ein av turane eller fleire. Du kan nyte stuttrest mat og oppleve dans, musikk og godt selskap. Du vel sjølv kva du vil bli med på!

Jørund ynskjer dykk velkomen til Fiskebu og Toppturgruppa stiller mannsterke med guidar på alle turane. Du finn bøkar på 3 av toppane; Igletjønnten, Bindalsfjell og Åbogsfjell.

Dersom du bur utanfor kommunen ynskjer vi deg velkomen til Fyresdal denne helga. Dette er ei oppleving utanom det vanlege og den gjev mat til slagordet vårt: ”Der menneske møter naturen!”

Dette passar både for deg som vil overnatte på Fiskebu og for dykk som har hytte i kommunen og har lyst til å bli med på noko sosialt.

Overnatting

Fiskebudagane føregjeng på Fiskebustøylen - utgangspunktet for alle turane. Fiskebustøylen kan huse 30 personar i hytter (2-mannsrom) og har elles teltplass til disposisjon for dei som ynskjer det. Dei fastlagde måltidene og underhaldninga føregjeng også på Fiskebustøylen. For meir informasjon, sjå: www.valebjorg.no

Turleiarar

Kvar tur blir leia av erfarne turleiarar frå Trimgruppa i Fyresdal. Trimgruppa er ein friviljug organisasjon lagt under Fyresdal Idrettslag. Dei er erfarne i området, kan mykje lokalhistorie og er vande til å ha folk med seg. Dei har med seg fyrstehjelpsutstyr.

Gradering av turane

Turane denne helga har blitt gradera. Du kan velje den turen som passar best for deg og ditt nivå.

Forsikring

Deltakarane på Fiskebudagane tek del på eige ansvar, og verken arrangørar eller sponsorar er ansvarlege for ulykker eller skader, uansett korleis dei har skjedd. Skjekk forsikringa di før du reiser!

Booking

Ta kontakt med Jørund Valebjørg (976 77 991) eller Gunhild Momrak (957 91 511) for informasjon og booking.

Vel mellom desse turane:

Fredag 7. august (to turar å velje i mellom)


- Tur 1 *Bindalsfjell*
- Tur 2 *Raudblæs og Igletjønnuten*

Laurdag 8. august

- Tur 3 *Kronfjell til Fiskebustøylen*

Sundag 9. august

- Tur 4 *Åbogsfjell*



Underhaldning og mat

Fredag 7. august

Om du ynskjer kan du nyte heimelaga rjomegraut og spekemat i båthuset på Fiskebustøylen denne kvelden. Når middagen er innteken har du høve til å vere med på eit kulturelt innslag. Der som det framleis er liv i rockefoten, spelar Eivind Furulund til dans på vollen.

Laurdag 8. august

Laurdag kveld stiller Jørund og mannskapet opp med nydeleg viltgryte til dei som har lyst. Kvelden avrundast med quizkveld og sosialt samvere i båthuset. Bli med om du har lyst!

Velkomen til Fiskebudagane i Fyresdal!

Dette blir friluftsliv av ypparste klasse som passar for dei fleste. For dei som heller vil nyte livet i ein båt i eit av dei flotte vatna, er det sjølvsagt høve til dette. Kanskje er det godt fiskebit?

Her blir det høve til å bli med på alt eller delar av opplegget. Kanskje bare middag og underhaldning? Eller bare tur? Det er plass til omlag 20 pers innomhus.

Elles det er god plass på vollen til å setje opp telt.

Vel møtt!



Bygdedagskomiteèn ynskjer å takke alle som besøkte bygdedagen i Fyresdal 6. juni.

Vi vil også rette ein spesiell takk til næringslivet og private som stilte med flotte gevinstar, frankering, straum og plass. På den måten kan vi drive og vidareutvikle bygdedagen.

Vi vil også takke alle dei fine og forskjellige veterankjøretøya som møtte opp!

Dette er ein oversikt over gevinstar og kven som vann i lotteriet til bygdedagskomiteèn:

Hovudgevinst:

Pulk frå Telemark Ljos

Gåve frå Grindberg
Sendingskorg frå Tresmia
Gåvekort på kr. 400,- frå Momrak Verksted
Elektrisk skiftenyssel frå Monter Skreosen
Ljoslykt frå Heggland daglegvare
Kremar frå Wenches terapi
Gåvekort frå ICA
Steikeplate frå Bondal as
Krukke frå Farge og gåvebui
Vaffeljern frå Fyresdal elektriske
Sykkelhjelm frå Joker
Brus frå Telemark Kildevann

Raklettjern frå Fyresdal Sag
Stihl sekk frå Moland Auto
Fiskestang frå Fyresdal sport og fritid
Lego frå Manufaktur og leiker
Smykke frå Frisørhjørnet
Kurv med kaffe og sjokolade frå Neverstoga
Gåve frå Oleas hus
2 Gåvekort frå Fyresdal Vertshus
Gåvekort frå Aketun Fisk
CD Tones orkester frå Øyvind Klausen
Ampell frå Mimmis Hage
Sjal frå Annes frisør
Gåvekort frå Kvipt
Gåvekort frå Fyresdal Bakeri

Andrea Solberg Orre

Signe Greivstad
Siv Jannette Rønningen
Eivind Erikstad
Skogly
Erna Wøllestad
Eivind Olafsen
Synnøve Lanland
Einar Sigvart og Tone Susanne
Tordis Landvik
Åse Gerd Reinskås
Tulla Hansen
Vidar og Maja Stiansen og
Hege Karin Kittelsen
Tveitå
Ine Kile Enersen
Steinar, Ådne og Atle
Ester og Oddmund Erikstad
Einar Sigvart Kvasjord
Eivind Landvik
Tone Susanne og Einar Sigvart
Harald Fresland og Odd Skeivoll
Aud Søllyst Iversen
Milla Nome
Olav Åge Dale
Aud Gulbrandsen
Brekke
Signe Midtgarden

Veden frå Veum grendelag vart vunnen av:

Torhild Mandt
Anna Wilhelmsen, Tingvoll
Steivoll

Publikumsprisen for årets finaste kjøretøy vart dela mellom:

Karl Lunde, Vrålioson og Olav Torgeir Lie. Båe fekk 10 stemmer kvar.

Foldsæ økologiske gardsbutikk

Over 100 økologiske produkt i utvalg:
Økologiske varer til dagleg hushaldning

- Gåveartiklar
- Kunsthandverk
- Personlig pleie
- Lokale produkt
- Naturtekstilar
- Reingjering
- Kosmetikk
- Øko – Godteri



Opningstid:

Tysdag og torsdag frå 17.00-20:00
laurdag frå 11.00-16.00



TELEMARKSKYRI

Fredagar frå 14.00 – 16.00, er meieriutsalet ved Nye Telemarkskyri meieri ope.

Sal av ny kjerna smør, ekstrasalta smør, saup, samt kaffi og vaflar.

Vi har også nyutvikla smør med kryddar.

Vi ynskjer alle innom for å slå av en prat.

Loes Tjenesteyting

Trenger du hjelp til for eksempel:

- Reingjering
- Storreingjering
- Rydde rom, loft og alt kva du treng
- Privat regnskap
- Gjere innkjøp/handle



Eventuelt andre ting du trenger hjelp til.
Eg kan kontaktas etter kl 18.00 for nærmere avtale og pristilbod.

**Loes Fennik-Hartman
Haasum
3870 Fyresdal
Tlf: 35 10 30 90**

Toppturar i juli og august

Juli	7	16.00	Vindilhytta, fyrst 3 timars tur deretter middag kveldstur m/middag	Bok
	14	17.00	Osvatn, opp frå Strondtjønn kveldstur	
	21	17.00	Sykkeltur rundt Skreevatn, med bading kveldstur	
	24	16.00	Roan kveldstur	*
	28	17.00	Støyl - Aslomfjell - Myrbua. Kultur med 6 støylar kveldstur	
August	4	17.00	Gaukås kveldstur	*
	7-9	Helg	Toppturhelg / Fiskebudagane	
	11	17.00	Bergstadvfjell, rundtur frå Birte og ned til Klauvås kveldstur	
	18	17.00	Bindalsfjell, frå Bindalstøylen kveldstur	
	25	17.00	Berrfjell frå Hæstad kveldstur	*

Fossum Kurs- og Feriesenter

På bestilling

**Restaurant "Stallkafé"
Hytter, Overnatting, B&B,
Sauna, Badestamp
Arrangement av møte, seminar, fest
*Velkommen!***

Dierk og Brigitte Rengstorf
Fossum, Hauggrend,
3870 Fyresdal, tlf. 350 42 514

Fossum Stallkafé

Åpningstider:

**1. juli - 15. august 2009
hver tirsdag - søndag kl 18.00**

Fossum, Hauggrend, 3870 Fyresdal.
tlf. 350 42 514



Aketun Fisk

Velkommen innom.

Vi har fersk fisk, fiskekaker, røkt fisk og andre produkt.

Ynskjer du eit fat med diverse fisk til eit lite eller stort selskap så lagar vi det.

Nokre av våre produkt er å finne hos:

- Fyresdal Mat/ICA
- Joker Grunnvik
- Heggland Daglegvare
- Nye Hauggrend daglegvare

Med helsing
Ingebjørg og Jonny Aketun
tlf 35 04 21 37
www.aketunfisk.no

Fyresdal Musikkorps

På byggedagen hadde Fyresdal Musikkorps gjettekonkurranse om kor mykje godteri det var i to ulike krukker. I den store var det 134 stk., og vinnaren her blei Torhild Mandt, som tippa 135. I den vesle var det 61 stk., og vinnaren blei Sunniva Slyngstad, som tippa 67. Gratulerer baa to!

Vi vil òg takke alle som medverka og ytte i samband med standen vår på byggedagen!

Fyrste øving til hausten blir torsdag 20. august, kl. 18.00, på Gimle.

I høve til rekruttering av nye aspirantar, så vil medlemer frå korpset vitje einskilde klasser på skulen.

Styret



Junni

BRYGGEKAFEÉN

3870 Fvresdal. Tel: 91 60 76 10

**Opent kvar dag fram til
sundag 16. august.
frå kl 11.00 til 21.00**

og restaurant frå kl 13.00

Dyrlegane er på Foldsæ 03. juli

Time bestillast som
vanleg ved
Seljord Veterinærkontor,
tlf 35 05 09 30





på Molandsmoen

35 04 11 90

joker.grunnvik@ngbutikk.net

Måndag - torsdag	09.00 - 18.00
Fredag	09.00 - 20.00
Laurdag	09.00 - 15.00

Ta feriehandelen hjå oss, vi har det du treng til sommaren!
Sjå vekas tilbodsavis på www.birtedalen.info

Ynskjer alle ein god sommar!

GOD SERVICE GÅR ALDRI UT PÅ DATO
Helsing Sigurd og jentene på Molandsmoen.



Basarkveld
Grendehuset i Birtedalen

Lørdag 1. august kl 18.00
I år er det 52. gang

Mange fine gevinster
Kakelotteri

Skyting m/vær-
og myggforbehold

Alle hjertelig velkommen




Etterlysing



Gamalt utstyr frå
vekstad/bensinstasjonen som var i
Grunnvik ynskjast kaupt. Det hadde
vore moro å hatt litt av det gamle som
var der. Ta kontakt.

Med helsing
Øyvind Kile
Tlf 911 80 973



BYGDEKINO: NOREGS PREMIERE
Fredag 17. juli 2009

I Fyresdal er det kino som regel annakvar fredag
på samfunnshuset, ein klokka 18.00 for dei
minste og ein kl 20.00 for dei litt eldre.

Les meir om filmene på:
www.fyresdal.kommune.no - Kino



ISTID 3:
Dinosaurerne kommer

Kl 18.00

NORSK TALE



HARRY POTTER
og Halvblodsprinsen

Kl 20.00

PREMIERE

MILJØBILER

Vi bygger om alle bensinbiler til
gassdrift. Opptil 50% reduksjon av
miljøgifter og kostnader.

Fyllestasjoner i
Fyresdal og Seljord.

LPG Fyresdal. Tlf. 414 16 526 E-post: post@lpgfyresdal.no



Gamle ord frå Fyresdal

Eg har sett litt på gamle ord frå Fyresdal, men har ikkje funne ut av desse her. Det hadde vore gildt om nokon kunne hjelpe meg med enkelte eller fleire av dei, tyding og bruk. Apostrof (') tyder som kjent enten at ein bokstav eller ein lyd er utelate, eller at ordlyden etter skal ha serleg trykk. Her er orda eg serleg lurar på:

Hønse'æs:	Det kan vere at det her er utelate ein bokstav, men heller at det er likt trykk på dei to stavingane. (Har nok ikkje noko med høner og skit å gjere!)
Jøk'lopæ:	Her kan ordet vere jøkelopæ eller jøkulopæ?
Dess'eln:	
Røkkjespa'i:	
Sjeike:	
Slengje'venje:	
Sta'fat'e:	Ordet kan vere stavfat. 'e er ein innskotsvokal, ein kort og lett e-lyd. Bil'e. Gut'e.

På førehand beste takk for mogleg hjelp. Takksam for all tilbakemelding.

Olav Momrak-Haugan
Hauggrend
3870 Fyresdal
Tlf. 350 42 580
E-post: momrak.haugan@telefiber.no



TA – TRIMMEN 2009

Vinnar av sykkelen blei **Espen Aamlid**

Gratulere!

Fyresdal Idrettslag



Bispevegmarsjen 2009 laurdag 1. august.

Fyresdal til Valle ca 30 km. Buss frå Fyresdal sentrum kl 08.00 til start i Kleivgrend kl 09.00. Startgebyr vaksne kr 50,-, born kr 30,-. Transport attende frå Valle til Fyresdal, vaksne kr 200,-, born kr 130,-. Saftstasjonar, sal av pølse og kaffe. Ved mål kan ein få kjøpt middag. Påmelding til Turistinformasjonen i Fyresdal tlf 35 04 14 55 innan fredag 1. august kl 15.00. Seiste påmelding fredag 31. juli kl 19.00-21.00 til tlf 35 04 14 11

**VELKOMEN TIL EIN VAKKER OG FLOTT TUR
I GODT LAG!**



Fyresdal IL og Valle IL

Folkestadbyen informerer!

Alle butikkene i sentrum ser fram til ein solrik sommar med mykje liv og handel.

Hugs gatefrukosten laurdag 26.juli i samband med Olsok-feiringa. Då spanderar Fyresdal Næringsorganisasjon gratis frukost til alle.



Alt du treng av mat til grilling, varme sommarkveldar og hyggelege lag finn du hjå oss.

Vi vil ynskje alle saman ein god sommar.

Mån-tors: 09.00-18.00

Fredag: 09.00-20.00

Laurdag: 09.00-15.00

Alt på ein stad - midt i sentrum

Fyresdal Mat A/S

aas@icafyresdal.no

tlf 350 41 114



I næraste framtid vil vi og kunne tilby varmmat hos oss!



Fyresdal Manufaktur & Leiker

tlf. 35 04 11 16



mån-fre kl 9.00 – 16.30

laurdag kl 10.00 – 14.00

Vi har fine sommarklede for store og små. Kom innom å sjå kva du finn på salg.

Ynskjer alle ein varm og fin sommar, Velkomen!

Fyresdal bakeri og konditori

Tlf 35 04 15 10

I sommarferien har vi og ope på måndagar. 09.00 – 16.30

Kom innom og kos deg med ein smoothie i sommersola!



Frisørhjørnet

www.frisorhjørnet.org

35 04 11 34



Vi har det du treng til håret, solkremar til solarium og til utebruk og masse fint i smykke frå Pilgrim.

Salongen vil bli stengt ein del torsdagar og fredagar i sommar, sjå informasjon på døra.

Pga. feil med e-post-adressa på heimesida, har ikkje beskjedane kome fram, men nå er det i orden!


Velkomen innom!

Ingunn & Signe

Wenche`s terapi

Mykje god smike til redusera pris!

Ynskjer alle kundar ein god sommar!



Farge og gåvebui

tlf. 35 04 11 24

Ynskjer alle ein fin sommar!

Helsing Astrid og Berit



Fyresdal Sport og Fritid

Kom innom på Sporten for mange gode tilbud, - og gjer ein god handel. Mange nedsatte varer!

Ingrid, Kristina og Marthe ynskjer alle ein god sommar!



Bli med Bygdekvinnelaget på tur til Setesdal laurdag 1. august 2009 Start frå ICA Fyresdal Mat, Fyresdal sentrum kl 08.00

Vi er innom Setesdalsmuseet på Rysstad der dei har ei utstilling som syner den særeigne draktskikken i Setesdalsregionen i kvardag og fest.

Vidare dreg vi til Annemor Sundbø ved Ose Ullvare ein allsidig kunstnar som vil fortelje og vise oss kulturskattar frå fillehaugen blant anna vottar og lusekofter.

Sjå: www.annemor.com

Det blir også stopp på Glasshytta i Bygland.

Felles middag på Revsnes Hotell på Byglandsfjord.

Turen med buss, opplegg og middag kostar kr. 400,-.
Alle er velkomne til å vere med på turen!

Bindande påmelding til Gunlaug Kiland innan 10. juli på mobil 99 43 27 48 eller telefon privat 35 04 16 47.

Med helsing
Fyresdal bygdekvinnelag



Nye Hauggrend Landhandel

Vi har eit godt utval av varer. Vi har også varer frå Vitalkost, Telemark Tradisjonsmat, Skålid fjellgard, Aketun fisk og Meieriet.

Vi har pussa opp bua, så nå kan du få deg ein kaffikopp i Roankroken, laurdagar er det anledning til å få kaupt seg ein vaffel også.

Ellers så har det skjedd mykje i bua i vår, så ta deg ein tur innom for å sjå kor fint vi har fått det.

Vi ynskjer gamle og nye kundar hjerteleg velkomne innom for ein trivleg handel.

Ynskjer alle ein riktig god sommar.

Sommarhelsing frå Mona, Hedvig, Petra og sommarvikarane.

Måndag - Torsdag	10.00-18.00
Fredag	10.00-19.00
Laurdag	10.00-15.00

- ✓ Blomsterjord
- ✓ Turutstyr
- ✓ Fiskekort
- ✓ Vitalkost
- ✓ Tipping
- ✓ Apotekutsal
- ✓ Matmons- Labb



Moland kyrkje



Veum kyrkje

Kyrkjedøra

MESSER - FYRESDAL

JULI OG AUGUST

Sundag 28.06. kl 12.00: Trollholene Kilegrend - v/ O.J. Tveit.
Tak med noko å sitje på.
Kilegrend grendelag serverer kyrkjekaffi.

Sundag, 05.07. kl 11.00: Moland kyrkje - v/O.J. Tveit
Offer: Misjonsprosjektet i Mali. Kyrkjekaffi

Sundag, 12.07. kl 11.00: Veum kyrkje - v/O.J. Tveit
Offer: Kyrkjelydsarbeidet Kyrkjekaffi

Sundag, 19.07. kl 18.00: Moland kyrkje - v/O.J. Tveit Kyrkjekaffi

Sundag 26.07. kl 11.00: Heggland gamle kyrkjegard - v/Torleiv Austad
Moland kyrkje dersom dårleg ver.
Heggland grendelag serverer kyrkjekaffi.


Sundag 09.08. kl 12.00: Birtedalen. Fjellstemne saman med
Nissedal og Åmli, v/I. Matre. Tak med noko å sitje på!

Sundag 16.08. kl 11.00: Moland kyrkje, v/H. N. Jørgensen.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet Kyrkjekaffi

Sundag, 23.08. kl 11.00: Veum kyrke v/vikar. Kyrkjekaffi

Sundag 30.08. kl 11.00: Moland kyrkje - v/O.J. Tveit.
Offer: Tibetmisjonen Kyrkjekaffi

Alle er velkomne!





Soknerådsvalet 2009

13. og 14. september i år kan du altså røyste ved tre val: Stortingsvalet, soknerådsvalet og bispedømerådsvalet.

* **Fyresdal sokneråd** kjem til å ha sitt val og bispedømerådsvalet i same bygningen som stortingsvalet. Meir om tid og stad kjem i september- informasjonen.

* **Du kan førehandsrøyste på kyrkjekontoret på Meinstad frå 10. august.**

* For å røyste til soknerådsvalet og bispedømerådsvalet må du vere medlem av den norske kyrkja.

* **HUGS PÅ – NYTT!** Samstundes med soknerådsvalet kan du røyste direkte på leke kandidatar til bispedømerådet. Frå Fyresdal har vi faktisk fått ein kandidat på denne lista:

Solveig Abelone Midtgarden. Er ikkje det flott?

* **HUGS PÅ – NYTT!** Det er røysterett frå det året du fyller 15 år.

Denne gongen skal det veljast inn 4 nye faste medlemmer til soknerådet og 5 varamedlemer.

Dette er kandidatane til soknerådsvalet i Fyresdal 2009:

- | | |
|--------------------------------------|-----------------------------|
| 1. Solveig Abelone Midtgarden, 46 år | 6. Anne Skålid, 63 år |
| 2. Andreas Valebjørg, 24 år | 7. Tone Wøllestad, 54 år |
| 3. Åse Breiland, 47 år | 8. Gunlaug B. Kiland, 56 år |
| 4. Øyvind Johansen, 63 år | 9. Line B. Valebjørg, 22 år |
| 5. Inger Angell, 50 år | |

Solveig Abelone Midtgarden



1. Kor lenge har du vore med i soknerådet?

Eg har vore med i to periodar tidlegare og ein periode no. Tenkte å sei ja til ein periode til, då eg syns dette rådet er interessant å sitje i.

2. Kva for oppgåver har du hatt?

I ein periode var eg leiar, ellers har eg sete i undervisningsutval, og no er eg med i diakoniutvalget. Det er begge viktige utvalg i kyrkja og mange spennande ting å jobbe med. Ellers har eg vore med på ulike arrangement, hatt ansvar for kyrkjekaffi og vore kyrkjevært nokre gonger.

3. Kva erfaring har det gjeve deg å sitje i soknerådet?

Eg har lært mykje om sakshandsaming, budsjett og rekneskap. Det har vore mange ulike interessante oppgåver gjennom desse åra som vi i samarbeid har løyst. Sakene kan dreie seg om alt frå vedlikehald av kyrkjene og eigendomar til arbeid blant barn, unge og eldre i kyrkjelyden. Det har vore mange gode og viktige diskusjonar i soknerådet, og ein lærer å arbeide saman sjølv om ein har ulik ståstad i forhold til kyrkja. Eg syns og at eg har blitt kjent med mange trivelege folk i desse åra.

Andreas Valebjørg



1. Kvifor sa du ja til å bli medlem av soknerådet?

Jeg syntes det hørtes spennende ut, og har lyst til å engasjere meg i den lokale menigheten.

2. Kva for ynskje har du for soknerådsarbeidet i Fyresdal?

Jeg har tidligere vært med i Speideren, og kan derfor godt tenke meg å engasjere meg i barne- og ungdomsarbeid.

3. Kva gleder du deg mest til?

Mye jeg gleder meg til, bl.a. det å bli kjent med nye mennesker i Fyresdal.

Prest: 35 06 71 45 el. 41 23 77 03 - Kyrkjeverja: 35 06 71 33 el. 95 15 94 94 – Organist: 95860923

Kyrkjetenar: 99098730 - e-post: kyrkjekontoret@fyresdal.kommune.no

Fyresdal legekantor tlf 35 06 73 00

Opningstid: Legekantoret har opningstid 08.30 – 15.00

Open time:

kvar dag oppmøte 08.30 – 09.00.

Denne timen er for akutte plager, som har forverra seg siste døgnet.

Medisinbestilling:

Bestillingstid for medisinar kan ta 3 dagar, på grunn av dette er det fint om du bestiller i god tid.

Transport for pasientar til sjukehus og spesialistar

Reiserekvisisjonar bestillast så snart du har fått timeavtale på sjukehus eller hjå spesialist.

Nye retningslinjer med hensyn til sjuketransport gjer at legene her i Fyresdal ikkje kan rekvirere all transport.

For bestilling kontakt **køyrekontoret** tlf 05515, NAV tlf 35 11 39 80 eller legekantoret tlf 35 06 73 00.

Reiserekvisisjon får du om det er medisinsk grunn for at du ikkje kan nytte rutegående transport eller eigen bil.

Viktig:

Om du treng råd eller hjelp av lege utanom kontortid, ring direkte til

Arendal legevakt tlf 815 32 999


Ved øyeblikkeleg hjelp heile døgnet, ring 113



TAXI

DROSJEVAKT I JULI OG AUGUST.

Helgevakt: f.o.m. Fredag kl.15.00 t.o.m. Måndag kl.07.00



Juli	03. - 06.	K. Berve	Tlf.95 21 71 95
Juli.	10 - 13.	L.B. Tovslid	Tlf.91 76 14 16
Juli.	17 - 20.	O.G. og G. Vik	Tlf.97 71 71 07
Juli.	24 - 27.	K. Berve	Tlf.95 21 71 95
Juli/Aug.	31 - 03.	L.B. Tovslid	Tlf.91 76 14 16
Aug.	07 - 10.	O.G. og G. Vik	Tlf.97 71 71 07
Aug.	14 - 17.	K. Berve	Tlf.95 21 71 95
Aug.	21 - 24.	L.B. Tovslid	Tlf.91 76 14 16
Aug.	28 - 31.	O.G. og G. Vik	Tlf.97 71 71 07

INFORMASJON OM SJUKETRANSPORT

All transport til sjukehus og andre spesialistar

må du sjølv bestille frå Pasientreiser i Telemark Tlf. 05515

Du får då tre val av ein hyggeleg telefonsvarar

- Tast 1 for transport innanfor egen kommune
- **Tast 2 for transport ut av egen kommune**
- Tast 3 for andre henvendelsar

Når du bestiller må du opplyse personnummer og telefonnr.

Sørg for at du har rekvisisjon til turen.

Sjuketransport innanfor Fyresdal kommune kan du framleis bestille direkte av nærmaste drosje.

Helsing Drosjeeigarane i Fyresdal